

11.11.2010

Lite pengar til skulen i Uskedalen!



Mykje må gjerast ved skulen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er så mange investeringsoppgåver i Kvinnherad at dei dyre, topprioriterte oppgåvene vil skyva andre viktige tiltak framover i tid, vart det sagt på det opne arbeidsmøtet til Formannskapet der rektorar og andre verksemdsleiarar var invitert til i Rosendal onsdag.

Mellom anna sa rådmannen at utsetjinga av utbetringa av Uskedalen oppvekstsenter kunne føra til stengjing av skulen. Rosendal ungdomsskule og Undarheim skule vil fara med mykje pengar, slik at pålagt arbeid, mellom anna i Uskedalen, må venta. Det trengst å gjerast mykje i Uskedalen.

Personleg trur eg ikkje det vert så gale at skulen vert stengt. Det vert nok ei løysing, men vi må likevel notera oss alvoret rådmannen legg i uttalen sin.

Rektor Vidar Haugland sa at Uskedalsarbeidet burde vore gjort for fem år sidan, men det har vorte utsett på grunn av skulestrukturdebatten. I mellomtida er Undarheim skule kome inn på lista.

Sparte driftsutgifter

Om det dystre, med manglande vedlikehald av mellom anna skular, sa kommunalsjef Asbjørn Skår at kommunen ville sparte driftsutgifter ved å leggja ned skular. De isparte midlane ville ha gått til opprusting og vedlikehald av eksisterande dårlege skular.

Eg har respekt for det Skår står for og seier, men slik eg las tala frå nemnda som arbeidde med vurdering av skulestrukturen, var det lite som tydde på at det var så mykje å spa på skuledrifta ved nedleggning av enkelte skular. Eg trur det er mykje større midlar som må brukast for å rusta opp skulebyggningar. Men slike midlar må rådmannen og politikarane prøva å finna.

Skår sa også at området Bringedalsbygda- og Uskedalsområdet og utover var verst stilt i kommunen når det galdt barnehageplassar. Den nye barnehagen på Valen vi avhjelpa noko. Ei eventuell nedleggning av Bringedalsbygda skule ville kunna ført til at skulen kunne vorte ombygt til større barnehage i bygda, og dermed løysa litt av vanskane...

Alvorleg

Vi ser alvoret i det rådmannen la fram, men kor skal nye midlar som kan påskynda opprustningsarbeid, hentast frå, er eit anna spørsmål. I enkelte bygder hastar det, såleis i Uskedalen.

Utfrå dette bør vel helst ikkje politikarane vurdera å redusera eigedomsskatten for private for 2012. Men etter vår meining bør ein i alle høve ta ein politisk diskusjon rundt eigedomsskatt for budsjett 2012 og framover... Her har politikarane også press på seg!!

Torfinn Myklebust (Ip)

1. klasse ved skulen 2010/2011 (Foto: Ola Matti Mathisen)